




HJELMELAND
KOMMUNE

ÅRLEG UTVIKLINGSPLAN FOR HJELMELANDSSKULEN

Skuleåret 2019/20

Ferdig utarbeidd 23.08.19.
Revidert 12.12.19 (med plan for vårhalvåret).



1. Felles satsingsområde for Hjelmelandsskulen 2019/20

Den felles visjonen «*Gjera kvarandre gode*» er med som plattform i alt utviklingsarbeid i Hjelmelandsskulen.

Det er løfta fram felles satsingsområde for alle skulane, og for skuleåret 2019/20 er det følgjande:

Satsingsområde	Innhald	
Digital kompetanse og dømmekraft	Innføring av læringsbrett (iPad 1:1) som pedagogisk verktøy. Fokus på god undervisningspraksis ved bruk av læringsbrett.	Hovudfokus hausthalvåret 2019
Innføring av ny læreplan	Fagfornyninga og fokus på god undervisningspraksis. Felles forståing for nye fagplanar.	Hovudfokus vårhalvåret 2020

2. Resultatmål

Mål: «*Auka læringsutbytte for elevane*».

Korleis måle dette i forhold til satsingsområde for 2019/20?

Satsingsområde	Mål	Indikator
* Digital kompetanse og dømmekraft	<ul style="list-style-type: none">- Auka gunnleggjande ferdigheiter for elevane innan lesing og digitale ferdigheiter.- Framgang på 1.-4. klassesetrinn på mål for skulebidragsindikator.- Auka elevinvolvering.- Vektlegging av elevinvolvering skal føra til auka motivasjon for læring hjå elevane.	<ul style="list-style-type: none">- Færre elevar på lågaste nivå på:<ul style="list-style-type: none">- Nasjonale prøver (lesing)- Kartleggingsprøver (lesing og digitale ferdigheiter)- Resultat på «skulebidragsindikatoren» (1.-4. trinn)Betra resultat på elevundersøkinga på indikatorane:<ul style="list-style-type: none">- vurdering for læring («del 2»)- motivasjon- tilleggsmodul T14 om digitale ferdigheiter
** Fagfornyninga	<ul style="list-style-type: none">- Dei tilsette skal vere førebudd på dei nye læreplanane, og til å planleggje elevane si læring i tråd med desse.- Felles forståing for nye læreplanar.	<ul style="list-style-type: none">- Rektor har eit system for å sikre at oppløringa dekkjer alle kompetansemåla i læreplanen.- Systematisk arbeid med fagfornyninga på skulane i utviklingstida.

* Gjennom fokus på utvikling av digital kompetanse og bruk av læringsbrett som pedagogisk verktøy, er det eit mål å kunne gje enno betre tilpassa oppløring som vil føre til auka læringsutbytte for alle elevar.

** Dei nye læreplanane skal vere gjeldande f.o.m. hausten 2020. Skulane må gjennom skuleåret 2019/20 førebu seg til dette.

3. Tiltak

Tiltak for å nå resultatmålsettinga:

- Felles utviklingstid for skulane:
Ein vil leggje til rette for å støtte, utvikle og styrke profesjonsfelleskap i og på tvers av skulane. Gjennom felles plandagar og tverrfaglege samlingar deler ein erfaringar og får felles inspirasjon og fagleg påfyll.
Eit profesjonsfelleskap prega av aktiv deltaking, delingskultur, endringsvilje og kontinuerleg praksisutvikling er av betydning for «Hjelmelandsskulen».
Det er viktig at elevane på alle barneskulane har likast mogleg kompetanse, når dei møtast på felles ungdomsskule.
- Leiarutvikling:
Gjennom rettleiing av Asbjørn Skår i samband med oppfølgingsordninga, samt gjennom leiarsamlingar i Utdanningsregion Midt og lokale rektormøter.
- System for oppfølging av resultat:
Skuleeigar og kvar skule har system for oppfølging av resultat knytt til kartleggingsprøver, nasjonale prøver, eksamenar, standpunkt etc.

3.1. Felles utviklingstid for skulane hausthalvåret 2019

Dato og innhald for felles utviklingstid hausthalvåret 2019:

Tidspunkt	Type møte	Innhald
15.-16. aug. (veke 33)	Planleggingsdagar v/ Rikt: Alle tilsette (Stad: Suldal)	Alle tilsette på skulane får opplæring i bruk av læringsbrett som pedagogisk verktøy.
4.- 6. sept. (veke 36)	Modellering i bruk av læringsbrett m/ elevane, v/ rettleiarar frå Rikt	Rikt overtek undervisninga med elevane, og modellerer bruken av læringsbrett.
10.-11.sept. (veke 37)	<i>Oppfølgingsordninga: rettleiing ved Asbjørn Skår. Leiargruppene og tillitsvalde</i>	<i>Oppfølging av skulane knytt til utviklingsområde og resultatmål</i>
23. sept. (veke 39)	Oppfølgingsdag med Rikt: Alle tilsette (Stad: Sauda)	- Utfordringar med å nytta læringsbrett i undervisninga - Råd og tips til bruk av læringsbrett i undervisninga
22. okt. (veke 43)	Tverrfagleg samling	Erfaringsdeling: Undervisningsopplegg der læringsbrett er nytta som verktøy (kvar skule deler 2-3 opplegg)
12.-13. nov. (veke 46)	<i>Oppfølgingsordninga: rettleiing ved Asbjørn Skår. Leiargruppene og tillitsvalde</i>	<i>Oppfølging av skulane knytt til utviklingsområde og resultatmål</i>
15. nov. (veke 46)	Planleggingsdag v/ Rikt: Alle tilsette (Stad: Hjelmeland)	- Tips og idear for bruk av læringsbrett i undervisninga. - Aktuelle spørsmål kring bruk av verktøyet
3. des. (veke 49)	Tverrfagleg samling	Erfaringsdeling: Kvar skule presenterer undervisningsopplegg der læringsbrett er nytta som verktøy.

Innan utgongen av 2019 vil det verte laga ei oversikt over dato og innhald i felles utviklingstid for vårhalvåret 2020. Fokus vil vere same satsingsområde og same resultatmål som skissert i denne planen for skuleåret 2019/20.

→ Planen er revidert/oppdatert med kap. 3.2 etter plangruppemøte med skulane 12.12.19:

3.2. Felles utviklingstid for skulane vårhalvåret 2020

Dato og innhald for felles utviklingstid vårhalvåret 2020:

Tidspunkt	Type møte	Tema/Innhald **
Veke 3: 14.01	Samling Hjelmelandsskolen: Fagfornyninga Barneskulane: kl. 13.15-15.30 Ungdomsskolen: kl. 14.45-16.30	<i>Korleis «lese og forstå» dei nye fagplanane? v/ fagfornyningsteamet*</i>
Veke 7: 11.02	Samling Hjelmelandsskolen: Fagfornyninga Barneskulane: kl. 13.15-15.30 Ungdomsskolen: kl. 14.45-16.30	<i>Dybdelæring – Døme ut frå nye fagplanar. v/ fagfornyningsteamet*</i>
Veke 14: 30.03	Samling Hjelmelandsskolen: Ungdomsskolen Kl. 14.45-18.30 (halv plandag)	<i>Fagfornyninga: Fordeling av kompetansemål på ulike trinn.</i>
Veke 17: 21.04	Samling Hjelmelandsskolen: Fagfornyninga Barneskulane: kl. 13.15-15.30+ kl. 15.30-19.00 (halv plandag) Ungdomsskolen: kl. 14.45-16.30	<i>Tverrfaglege tema: Folkehelse & livsmeistring, Bærekraftig utvikling, Demokrati & medborgarskap v/ fagfornyningsteamet* Fordeling av kompetansemål på ulike trinn.</i>
Veke 20: 12.05	Samling Hjelmelandsskolen: Barneskulane. Stad: Fister skule Kl. 13.35-16.35 (utviklingstid)	<i>Fagfornyninga: Fordeling av kompetansemål på ulike trinn.</i>
Veke 22: 26.05	Samling Hjelmelandsskolen: Fagfornyninga Barneskulane: kl. 13.15-15.30 Ungdomsskolen: kl. 14.45-16.30	<i>Tema vert avklart seinare. Fagfornyningsteamet kjem.*</i>

* Fagfornyningsteamet består av Bernt Lendengen og Bjørnar Thengs frå Utdanningsregion Midt-Rogaland.

** Tema og dato kan verte justert/ endra undervegs.